Endringar i statsborgarlova

Oversyn over dei viktigaste endringane i statsborgarlova i forhold til den gamle lova.

Stortinget har vedteke ei ny lov om statsborgarskap. Den nye lova gjeld frå 01.09.06, og erstattar statsborgarlova av 1950. Søknader som er levert før 01.09.06, vil bli handsama etter den lova som gir det beste utfallet for søkjaren. Det betyr at søkjarar som ikkje fyller vilkåra for statsborgarskap etter den gamle lova, kan få statsborgarskap dersom dei fyller vilkåra i den nye lova.

For å fylle vilkåra for å få norsk statsborgarskap, må du som hovudregel:

- Ha dokumentert eller klarlagt din identitet
- Vere minst 12 år (og ha samtykke frå foreldra dine viss du er under 18 år)
- Bu i Noreg og ha som mål å halde fram med å bu her
- Fylle vilkåra for busetjingsløyve. Dette gjeld ikkje personar som har hatt løyve etter EØS-/EFTA-reglane
- Ha oppheldt deg i Noreg i til saman sju år av dei siste ti åra
- Ha god vandel
- Løyse deg frå ditt opphavlege statsborgarskap

Klarlagt identitet
Den nye lova krev dokumentert eller på annan måte klarlagt identitet. Dette var ikkje nedfelt i den gamle lova, men er like fullt ei vidareføring av ein langvarig praksis.

Aldersgrensa
Aldersgrensa for å få statsborgarskap uavhengig av foreldra sitt statsborgarskap er senka frå 18 til 12 år i den nye lova. For søkjarar under 18 år må foreldra framleis samtykkje i søknaden. For born som søkjer saman med foreldra, er det som før inga nedre aldersgrense.

Statsborgarskap frå far og mor
Born får no automatisk norsk statsborgarskap ved fødselen dersom ein av foreldra er norsk statsborgar. Tidlegare fekk ikkje born norsk statsborgarskap automatisk etter norsk far dersom foreldra ikkje var gift.

Opphaldstid
Kravet om sju års opphaldstid er det same som i den gamle lova. I den nye lova er det likevel spesifisert at søkjarar må ha hatt sju års opphald i Noreg med opphaldsløyve som har vart minst eitt år i løpet av dei siste ti åra. Utanlandsopphald på to månader og mindre i løpet av eit kalenderår har ikkje noko å seie. Dersom samla utanlandsopphald i løpet av eitt kalenderår overstig to månader, vert heile opphaldet trekt frå ved utrekning av opphaldstid. Som tidlegare er det reduserte krav til opphaldstid for mellom anna personar som tidlegare har vore norske borgarar og personar som er gift, registrerte partnarar eller sambuande med norsk statsborgar, nordiske borgarar, born under 18 år og statslause.

Prinsippet om eitt statsborgarskap
Prinsippet om at ein berre skal ha eitt statsborgarskap er ei vidareføring frå den gamle lova. Dette prinsippet vil likevel verte handheva meir effektivt enn tidlegare. Konkret vil det seie at statsborgarskap som er gitt under føresetnad av seinare løysing frå anna statsborgarskap, skal tilbakekallast dersom slik løysing ikkje kan dokumenterast.

Busetjingsløyve
Dette kravet er oppfylt dersom ein fyller vilkåra for busetjingsløyve. Det er med andre ord ikkje nødvendig å ha fått eit eige vedtak om busetjingsløyve.

Krav om norskopplæring
Alle som skal søkje om norsk statsborgarskap etter 1. september 2008, må kunne dokumentere at dei har gjennomført 300 timer opplæring i norsk og samfunnskunnskap, eller kunne dokumentere tilstrekkelege kunnskapar i norsk eller samisk. Kravet gjeld berre søkjarar mellom 18 og 55 år. Informasjon om norskopplæring vil du finne på nettsidene til IMDi.

UDI
Utlendingsdirektoratet

Bidragsgjeld
Det er ikkje lenger eit krav at søkjaren ikkje har bidragsgjeld.

Melding
Høvet til å melde seg norsk vert ikkje vidareført i den nye lova, med unntak av nordiske borgarar på bakgrunn av avtale mellom dei nordiske landa. Til liks med ordinære søknader skal slike meldingar leverast til politiet, som vidaresender dei til Utlendingsdirektoratet for handsaming. Fylkesmennene skal ikkje lenger handsame meldingar om statsborgarskap. Sjå Ot.prp. nr. 41 (2004-2005) pkt. 4.3 om statsborgarskap ved melding.

Seremoni
Det er innført ein frivillig seremoni med avlegging av truskapsløfte for nye, norske borgarar.

Vanlege spørsmål

Dersom eit barn har norsk mor eller far ved fødselen, må ein då melde frå for å sikre at barnet blir norsk statsborgar?
Nei, barnet blir norsk ved fødselen. For at barnet skal få norsk pass, må du søkje hos politiet, eller hos ein norsk utanriksstasjon dersom du er busett i utlandet.

Viss barnet har norsk far eller mor ved fødselen, men ikkje blir født eller bur i Noreg, blir barnet likevel automatisk norsk statsborgar?
Ja, barnet får norsk statsborgarskap uavhengig av om det er født i Noreg eller utlandet. Det har ikkje noko å seie om foreldra er gift eller ikkje. Dersom ein aldri har budd i Noreg, misser ein i utgangspunktet statsborgarskapet ved fylte 22 år. Ein kan likevel få behalde statsborgarskapet viss ein søkjer om det.

Korleis kan eg løysast frå mitt opphavlege statsborgarskap?
Dette varierer frå land til land. Ta kontakt med styremaktene i heimlandet ditt for å få informasjon om reglene og korleis du skal gå fram for å løyse deg frå ditt opphavlege statsborgarskap.

Har du framleis fleire spørsmål?
Viss du har fleire spørsmål utover dette, kan du kontakte næraste politistasjon eller Opplysningstenesta for søkjarar i UDI på e-post: ots@udi.no eller tlf. 23 35 16 12.

Utlendingsdirektoratet (UDI)
Postboks 8108 Dep.
N-0032 Oslo
Kontoradresse: Hausmannsgate 21

Telefon: (+47) 23 35 15 00
Faks: (+47) 23 35 15 15
www.udi.no
E-post: udi@udi.no

Sist oppdatert: 10.08.2007